



SKODESPEL: Alle elevene ved skulane på nordsida av Jøsenfjorden hadde snekra saman eit flott program som vart framført med rollespel og skodespel.



MUSIKK: Munch-kvelden vart krydra med musikkinnslag og song. Her er det Tania Yu Auglend som opptre som solist.

Ein kveld med Edvard Munch

Ein heil kveld med Edvard Munch i ord, tonar og biletkunst var det som elevene ved Jøsenfjorden og Jøsneset skular hadde klart å tromma saman til onsdag denne veka.

DAG ANTON BOGE

dab@strandbuen.no

Dei til saman 24 elevene frå dei to skulane på nordsida av Jøsenfjorden har hatt felles temaveke, der temaet har vore Edvard Munch. Elevene hadde pynta gymnsalen på Jøsneset skule med Munch-inspirerte måleri, og nokre av måleria trur vi nok kanskje sjølv hovudpersonen, som var temaet, hadde nikkja anerkjennande til. Kven veit...

I alle høve, det var eit publikum som let seg begeistra over det skulebarne hadde fått til. Ein fullsett gymnasal fekk

seg ei reise gjennom Munch-historia i ord, tonar, song og musikk, og sjølvsgjort biletkunst på alle veggar. Det var tydeleg at barne hadde jobba godt og grundig med temaet på alle plan.

For vår del legg vi til: kva med å laga ei vandrestilling og ta med musikken og skodespelet på ein turné - om ikkje i Ryfylke - så kanskje til dei andre skulane i Hjelme-land. Kan vera noko å tenkja på, kanskje...